

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTO	Motestad Rådhuset	Mote dato 27.06.84
Sakshandsamar Thorsheim	Matr.nr. gnr. 214 bnr. 5 Fyllingsnes	SAK NR. B-155/84
Byggherre/meldar Randi Arna Nepstad	Adr. 5160 Eikangervåg	
Saka gjeld	Deling av tidlegare frådelt bustadtomt til Mona Igelkjøn og Kjell Narve og Evy Østerbø	
Vedlegg:		
<p>Søknad om deling av eigedom, dat. 17.2.84 (to tomter) skriv dat. 12.2.84 frå kjøparane situasjonskart 1:5000 situasjonsskisse 1:1000 Møtebok i bygningsrådet sak 611/80 Tilrådd av generalplanutvalet i møte 3.4.84 Ingen merknad frå kraftlaget, skriv dat. 26.3.84</p> <p>MERKNAD:</p> <p>Tomta er tidlegare godkjent frådelt som bustadtomt, jfr. sak 611/80. Etter at saka var handsama i bygningsrådet kom det førespurnad om å få byggja tomannsbustad på tomta. Dette vart ikkje handsama i bygningsrådet, men teknisk utval har gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsla ut frå føresetnaden av at tomta skal nyttast til tomannsbustad. Tomta er ikkje oppmålt. Til den hyttetomta som ligg attanfor, er det opparbeidd ny veg frå kommunevegen. Denne avkøyrsla er ikkje utforma slik krava vert sette idag, og den må utbetrast i samband med at det no vert godkjent to bustadtomter her.</p> <p>I sak 611/80 vart det gjeve løyve til utslepp til sandfilter frå ei bustadeining. Når det no er aktuelt med to bustadhus på same arealet, vert det kravd at avlaupet vert leia i tett leidning til sjøen utanfor munninga av Litlevågen. Dette vil då vera i samsvar med vedtak i sak som galdt frådelling av bustadtomt frå same grunneigaren. Den saka vart avslegen, og det vart m.a. synt til at avlaupet måtte leiast i tett leidning til sjøen.</p> <p>TILRÅDING:</p> <p>I samsvar med § 63 i bygningslova, og uttale frå generalplanutvalet, godkjenner bygningsrådet deling av eigedom i samsvar med søknaden og på følgjande vilkår:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Avkøyrsla frå kommunevegen skal utførast i samsvar med generelle vilkår. 2. Arbeidet ved sprenging av sikttrekant må utførast i samråd med teknisk etat. 3. I samsvar med § 66.2 i bygningslova, og med atterhald om at helserådsordføraren ikkje har noko å merkja, vert det gjeve løyve til utslepp av kloakk til minst 10 m under /.. 		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til Randi Arna Nepstad Mona Igelkjøn Kjell Narve og Evy Østerbø Helserådsordf.	

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Motestad Rådhuset	Mote dato 27.06.84
Sakshandsamar Thorsheim	Matr.nr. gnr. 214 bnr. 5 Fyllingsnes	SAK NR. B-155/84
Byggherre/meldar Randi Arna Nepstad	Adr. 5160 Eikangervåg	
Saka gjeld	Deling av tidlegare frådelt bustadtomt til Mona Igelkjøn og Kjell Narve og Evy Østerbø	
Vedlegg:		

Forts.

fjæra sjø utanfor munninga av Litlevågen. Slamavskiljaren skal utførast i samsvar med kloakkforskriftene av 1.5.80, jfr. retningslinene pkt. 3, men med halv dimensjon. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den utan vanskar kan tømmast frå tankvogn.

Sjølv om løyve til utslepp av kloakk er gjeve, pliktar den som årsakar forureining å svara erstatning etter alminnelege erstatningsreglar. Dersom det skulle syna seg at utsleppet fører til ulempe for naboar eller andre, skal eigaren av eigedomen, utan utgift for kommunen, etterkoma dei pålegg som vert sette av helse- rådet og bygningsrådet for å betra på tilhøva.

Dersom helserådsordføraren finn det turvande, må søknaden også leggjast fram for helserådet til godkjenning.

4. Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass- og kloakksystem og evt. overvassleidning dersom dette vert anlagt i området. Bygningsrådet gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på beløpet skal fastsetjast av kommunen.
5. Bygningssjefen skal avgjera grensene for tomta.
6. Området er ikkje regulert. Eigar (festar) må difor vera merksam på at det seinare kan verta aktulet med justering av grenser, vegføring m.v.
7. Deling av eigedom kan ikkje finna stad før vilkåra om godkjenning frå andre instansar er ordna.

VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga.